

## Lokal forskrift for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad, i Fitjar kommune.

### Heimel:

Vedteken i Fitjar kommune ved kommunestyret [dato, månad, år] med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 3-2 a andre ledd, jf. lov 2. juli 1999 nr. 63 lov om pasient- og brukerreteigheter § 2-1 a andre ledd og § 2-1 e første ledd.

### Forskrift

#### **Kapittel 1. Formål, lovgrunnlag, definisjonar, virkeområde og organisering**

##### **§ 1 Formål**

Formålet med forskrifta er å betra rettsstillinga for pasientar og brukarar med omfattande tenestebehov når det gjeld retten til helse- og omsorgstenester frå kommunen.

Forskrifta skal tydeleggjera kva kriterier Fitjar kommune legg til grunn for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester.

Forskrifta skal vidare tydeleggjera korleis Fitjar kommune skal følgje opp personar som står på venteliste/observasjonsliste for langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester.

Langtidsopphald vert gitt ved kommunen sin sjukeheim, Fitjar bu- og behandlingssenter, eller butilbud med tilsvarande tenester.

##### **§ 2 Lovgrunnlag for tildeling av bu- og tenestetilbod**

Heimel for tildeling av langtidsopphald og helse- og omsorgstenester i sjukeheim er lov om pasient- og brukerreteigheter § 2-1 a andre ledd og § 2-1 e første ledd, jf. lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og § 3-2 a første ledd.

Heimel for tildeling av disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester er lov om pasient- og brukerreteigheter § 2-1 e første ledd, jf. lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 første ledd og § 3-2 a første ledd. Heimel for tildeling av helse- og omsorgstjenester i bustad som nemnt i første setning er lov om pasient- og brukerreteigheter § 2-1 a andre ledd, evt. også § 2-1 d, jf. lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 første ledd, jf. § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a og b, og/eller § 3-2 første ledd nr. 5, evt. og § 3-8.

##### **§ 3. Definisjonar**

Med sjukeheim meinast helseinstitusjon som fell inn under forskrift nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav d og e og § 2. Omgrepet omfattar og buform for heildøgns omsorg og pleie som er likestilt med sjukeheim i samsvar med forskrift nr. 932 for sjukeheim og buform for heildøgns omsorg og pleie. Følgjande omfattast ikkje: Andre

institusjonar med langtidsopphald for personar som har omfattande behov for helse- og omsorgstenester (aldersheim, bustader med heildøgns omsorgstenester, institusjonar for rusmiddelavhengige og barnebustader).

Med langtidsopphald meinast opphald i sjukeheim på ubestemt tid.

Med tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester meinast bustader der;

- bebuaren sine tenestebehov vanlegvis er så store at ein kan samanlikna det med tenestebehova som bebuar i sjukeheim har.
- det er mogeleg å gje forsvarlege døgntinuerlege tenester, vurdert ut frå pasienten sine behov og til ei kvar tid tilgjengeleg kompetanse.
- kommunen har tildelingsrett

Pasienten og brukarens skal medvirke ved utforminga av tjenestetilbud, jf. pasient- og brukarrettighetsloven § 3-1

#### **§ 4 Virkeområde**

Forskrifta gjeld for pasientar og brukarar som bur og oppheld seg i Fitjar kommune, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-1 første ledd, og som har eit varig behov for omfattande døgntinuerlege pleie- og omsorgstenester, som ikkje kan oppfyllest i tilstrekkelig grad i eigen heim eller tilpassa bustad. Forskrifta gjeld i tillegg for pasientar og brukarar som har konkrete planar om å flytta til kommunen og eit så omfattande tenestebehov at det er nødvendig at bu- og tenestetilbodet er avklart i forkant for at dei skal kunne flytta.

Fitjar kommune disponerer til ei kvar tid eit fast tal plassar som er rekna for langtidsopphald i sjukeheim, og bustader der det til vanleg vert gitt eit tenestetilbod som er likt det som vert gitt i sjukeheim, jf. definisjonane i denne forskrifta § 3. Denne forskrifta gjeld for tildeling av desse plassane og bustadene. Kor mange langtidsplassar i sjukeheim og tilsvarande bustader kommunen disponerer til ei kvar tid vil bli publisert på kommunen sine nettsider.

#### **§ 5 Ansvar og mynde**

Enkeltvedtak om tildeling av langtids- eller korttidsopphald i institusjon vert fatta av Fitjar kommune etter ei tverrfagleg vurdering jf. forskrift nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav a til d, helse- og omsorgstjenester i og utenfor institusjon i medhald av lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1 a andre ledd, § 2-1 e første ledd og § 2-1 d, jf. lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6, evt. også § 3-2 første ledd nr. 5, § 3-2 a første ledd, § 3-6 og § 3-8. Einingsleiar heimebaserte tenester har mynde til å fatte vedtak, jf. gjeldande delegasjonsreglement.

Enkeltvedtak om tildeling av disposisjonsrett til bustad som nemnt i denne forskrifta § 3 tredje ledd, vert fatta av Fitjar kommune etter ei tverrfagleg vurdering. Einingsleiar heimebaserte tenester har mynde til å fatte vedtak, jf. gjeldande delegasjonsreglement.

## Kapittel 2. Kriterier

### § 6. Kriterier for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim, og tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgn tenester og for å få stå på venteliste til slikt bu-og tenestetilbod.

Hovedkriteriet er at langtidsopphold i sjukeheim skal tildelast til personar med behov for døgnkontinuerleg oppfølging av medisinsk behandling, pleie og tilsyn, for å sikra at pasienten eller brukaren får forsvarlege helse- og omsorgstenester, som ikkje krev sjukehusinnlegging, men kor hjelpebehovet er uforutsigbart og ikkje kan tidfestast.

Retten til plass i sjukeheim eller rett til plass på venteliste/observasjonsliste byggjer på ei heilskapleg omsorgsfagleg vurdering, der andre kriterier som skal vektleggjast ved vurdering for tildeling er:

- Personer som har behov for langvarige helse- og omsorgstenester gjennom heile døgnet, der andre aktuelle tenester har vært forsøkt utan å dekke naudsynt og forsvarlige behov for helse- og omsorgstenester.
- Langtidsplass skal i hovudsak nyttast for personer over 67 år, og til personer med hjelpebehov der det er naudsynt med kompetanse og utstyr for å sikra helseoppfølging og behandling som berre kan sikrast i sjukeheim.
- Personer som er i livets slutfase med behov for tilsyn og omsorg gjennom hele døgnet.
- Personer med sterkt utvikla demenssjukdom, som har behov for kontinuerleg oppfølging, skjerming og omsorg gjennom heile døgeret.
- Personar som bur heime med behov for mer enn 25 timebaserte tenester i heimen pr. veke, der behovet for tenester kan tidfestast, kan vurderast for langtidsplass.
- Organisering av tenesta/geografiske omsyn må vurderast

Tenester i heimen skal i hovudregel vera prøvd ut før langtidsopphald kan innvilgast. Tilpassing av bustad skal og vera vurdert, alternativt bytte av bustad.

### § 6. Søknad og vedtak

Tildeling av langtidsopphald skjer på bakgrunn av helseopplysningar, søknad og vurdering av individuelle behov. På bakgrunn av dette vert det fatta eit enkeltvedtak. Søknadsskjema finst elektronisk på kommunen si eiga heimeside, i Kundetorget eller Heimetenesteeininga, kontor Havnahuset.

Søknad sendes til Heimetenestene i Havnahuset ved sakshandsamar. Avdelinga behandlar, førebur samt vurderer søknaden og søkjaren sine behov for tenester. Inntaksnemnda har møter kvar veke der ein oppdaterer og vurderer situasjonen og fordeler plassar.

### § 7 Brukarmedverknad

For at saka skal vera tilstrekkeleg utgreia, må det vera gjennomført eit møte e.l. med pasienten eller brukaren og/eller partsrepresentanten. Det er vesentleg at brukar vert høyrte og at møtet om mulig vert gjennomført i brukar sin heim. Møtet skal ha følgjande formål:

- a) å kartleggja pasienten eller brukaren sine behov for helse- og omsorgstenester,
- b) å få samtykke frå pasienten eller brukaren til å innhenta ytterlegare opplysningar som er nødvendige for saksutgreiinga,

- c) å gi pasienten eller brukaren den informasjonen og vegleiinga som trengs for at vedkomande skal kunne ivareta interessene sine i saka, mellom anna informasjon om betaling, jf. denne forskrifta § 11 tredje ledd, og
- d) å få klårheit i kva ønskjer pasienten eller brukaren har etter at tilstrekkeleg informasjon er gitt,- dette inkluderer om det er pasienten eller brukaren sjølv eller partsrepresentanten som har gitt uttrykk for desse ønska.

Pasienten eller brukaren har rett til å velje å la vera å ta imot tilbod om langtids plass i sjukeheim, med mindre vilkåra i lov om pasient og brukarrettar kapittel 4A er oppfylt (manglande samtykkekompetanse i høve naudsynt helsehjelp). Pasienten eller brukaren mister ikkje retten til å stå på observasjonsliste ved å takka nei til eit tilbod som blir gitt av kommunen.

### **§ 8 Kriterier knytt til saksutgreiinga**

For at ei sak skal reknast som tilstrekkeleg opplyst, må det være føreteke ei grundig saksutgreiing, der følgjande inngår i den grad dei er relevante i saka:

- opplysningar om forhold som er nemnd i denne forskrifta § 6,
- opplysningar frå møte med pasienten eller brukaren og/eller vedkomande sin partsrepresentant, jf. denne forskrifta § 7,
- resultat frå eit eventuelt vurderingsopphald i sjukeheim,
- opplysningar frå anna helsepersonell og/eller helseinstitusjonar/sjukehus, mellom anna resultat frå medisinsk, ernæringsmessig, eller anna utgreiing og behandling, opplysningar frå andre delar av den offentlege forvaltninga, funn frå IPLOS-kartlegging og andre opplysningar.

## **Kapittel 3 Rett til enkeltvedtak og oppfølging av pasientar eller brukarar**

### **§ 9 Rett til enkeltvedtak om helse- og omsorgstenester i sjukeheim**

Pasient eller brukar som i enkeltvedtak får tildelt opphald i sjukeheim, har rett til dei helse- og omsorgstenestene som er nemnt i denne forskrifta § 2 andre ledd.

### **§ 10 Oppfølging av pasientar eller brukarar på observasjonsliste**

Enkeltvedtak om plass på observasjonsliste, jfr. § 6, skal omfatta kva helse- og omsorgstenester som vert gjevne i ventetida. Tenesta skal til ei kvar tid vera forsvarlege og behovsdekkande.

Heimetenestene skal til ei kvar tid følgje med på behovsutviklinga hos dei pasientane og brukarane som står på observasjonslista og melde frå til sakshandsamar om endringar som har verknader for vedtaket. Dette skal sikre at første ledige plass vert prioritert til den som treng det mest. Pasientar på venteliste skal drøftast kvart møte i inntaksnemnda. Pasient eller brukar som har fått enkeltvedtak om å få stå på observasjonsliste, må pårekna at pasientar eller brukarar med meir presserande eller større behov vert prioriterte før dei, og det gjeld ingen tidsfrist for når eit bu- og tenestetilbod som nemnt ovanfor seinast skal bli tilbydd.

Pasientar eller brukarar som står på observasjonsliste har rett til informasjon om kor lang tid dei må rekna med å venta, ved å venda seg til saksbeh. eller einingsleiar v/heimetenestene.

#### **Kapittel 4. Betaling, klage og iverksetjing**

##### **§ 11 Betaling for bu- og tenestetilbod**

Eigenbetalinga for helse- og omsorgstenester i sjukeheim følgjer av reglane i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester i institusjon.

Betaling for tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester går fram av kontrakten som blir inngått om det aktuelle butilbodet. Eigenbetalinga for helse- og omsorgstenester i slikt butilbod følgjer reglane i forskrift nr. 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester utanfor institusjon.

Den enkelte pasienten eller brukaren har som eit ledd i den informasjonen som skal gjevast etter denne forskrifta § 7 første ledd bokstav c, rett til å få eit grovt overslag over kva det vil kosta å motta helse- og omsorgstenester i heimen, bu- og tenestetilbod i sjukeheim og bu- og tenestetilbod i tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester.

##### **§ 12 Klage**

Vedtak med avslag om langtidsopphald i sjukeheim/-plass på vente-/observasjonsliste, kan påklagast til Fylkesmannen etter lov om pasient og brukarrettar kapittel 7. Klagen skal vera skriftleg og setjast fram til kommunen, som skal vurdere saka ein gong til. Dersom kommunen opprettheld vedtaket sitt, går saka til Fylkesmannen for endeleg vurdering og avgjerd.

Ved klage på enkeltvedtak om tildeling av disposisjonsrett til tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester gjeld og reglane i lov om behandlingssaker § 28.

Klagefrist er 4 veker, og kommunen skal hjelpe til om det er behov for hjelp til å setja fram klage.

##### **§ 13 Iverksetjing og revidering av forskrifta**

Denne forskrifta trer i kraft 1. juli 2017.

Forskrifta skal bli gått gjennom og ved behov reviderast når nasjonale kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og disposisjonsrett til tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgns omsorg er vedtatt. Ved motstrid vil den nasjonale forskrifta gå føre denne forskrifta.